

FEDJE LANDHANDLERI AS
Baløyvegen 270
5943 AUSTRHEIM

Dato	31.07.2023
Vår referanse	2023/61884-6
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Geir Sverre Andreassen
E-post	Geir.Sverre.Andreassen@vlfk.no
Telefon	90202693

Fv. 568 - Løyve til å setja opp reklame - Sævrøyna ferjekai - Austrheim kommune

Vi viser til dykkar søknad av 21.04. 2023 der du søker om å få setja opp informasjonsskilt på Sævrøyna ferjekai, med kart over Fedje som gjev oversikt over interessante stader å besøkje for reisande.

Vedtak

Med heimel i «Lov om vegar (veglova)» av 01. januar 1964 § 33 gjev me løyve til at det vert montert reklame tavle med kart over Fedje som gjev oversikt over reisemål i Fedje kommune. Tavla vert montert på venterommets yttervegg på Sævrøyna ferjekai, ved [FV568 S1D1 m6809](#) slik vist i illustrasjonen nedst i brevet her.

Løyvet er gjeve på fylgjande vilkår:

- Søkjar må ha løyve frå Austrheim kommune.
- Plassering/montering skal vera slik vist i illustrasjonen nedst i brevet her.
- Skyss` rutetabell skal ikkje dekkast eller på anna måte verta vanskeleg å sjå på grunn av reklamens plassering og montering.
- Reklamen må vedlikehaldas. Vedlikehaldet skal gjelda både konstruktive delar og reklameflatane. Eksponerte reklameflatar skal ikkje forfalla slik at for eksempel tekst og budskap blir utviska og vanskeleg å oppfatta.
- Reklamen må vera lett å ta av for vedlikehald av bygningsfasade.
- Reklamen skal fjernast av eigaren så snart innhaldet mister sin aktualitet.
- Reklamekonstruksjonen skal innehalda reklameeigars namn, adresse og telefonnummer, slik at det er mogleg for vegmyndigheita som kjem på staden å identifisera eigaren. Dette skal utførast i lita skrift, slik at det ikkje kan sjå ut som «ekstra» reklame, men likevel er tydeleg når ein kjem heilt innpå.
- Vegmyndigheitene skal til ei kvar tid kjenne reklameeigars identitet. Dersom løyveharar seinare overdrag løyvet til andre, til dømes ved sal av firma, skal vegmyndigheita underrettast.
- Løyvet kan tilbakekallast etter skriftleg varsel når grunnlaget for løyvet endrast. Dette kan vera forhold på staden som trafikkmengd, trafikktype, ulukkesfrekvens, fartsgrense eller vegens utforming. Løyvet kan tilbakekallast på same måte dersom myndigheitene endrar reglar eller retningslinjer for reklame langs offentleg veg.
- Dersom reklamen endrast, flyttast eller vilkåra for løyvet ikkje etterlevast, vil vi med heimel i veglova § 33, fjerde ledd, kunne treffa vedtak om fjerning utan at ytterlegere førehandsvarsel gis.
- Vi gjer dykk merksam på at vi berre kan gje løyve etter veglova og har difor ikkje vurdert om reklamen er i strid med andre reglar. Slike reglar finnes bl.a. i plan- og bygningsloven og grannelova. Du bør difor òg ta kontakt med Austrheim kommune.

- De er sjølve ansvarleg for at monteringa er trygg og sikker, slik at det ikkje er til fare for andre.
- Det er ikkje grunnlag for krav mot Vestland fylkeskommune på grunn av skade eller ulempe som følgjer av at reklamen heng nær vegen, med mindre det kan påvisast aktløyse frå fylkeskommunen si side.

Løyvet kan tilbakekallast etter skriftleg varsel når forholda som ligger til grunn for løyvet vert endra. Dette kan vere forhold på staden som trafikkmengd, trafikktype, ulukkes frekvens, fartsgrense eller vegen sin utforming. Løyvet kan tilbakekallast på same måte dersom myndigheitene endrar reglar eller retningslinjer for reklame langs offentleg veg eller dersom vilkåra for løyvet ikkje vert overhalde.

Vurdering

Til handsaming av slike søknadar nyttar me handbok V323 «Reklame og trafikkfare» samt veglova § 33. Me gjer merksam på at me berre handsamar søknaden etter veglova og at kommunen må handsame søknaden etter plan og bygningslova, det er krav til løyve frå begge partar for å setje opp reklamen.

- Reklamen skal monterast på venterommets yttervegg og skal ha fysisk mål maks 1 x 1 meter. Reklamen skal ikkje lyssetjast og vil soleis ikkje skilja seg ut i forhold til anna informasjon som er montert.
- Søkjar ynskjer å visa kart over Fedje kommune med ulike interesse punkt for ukjente reisande. Plassering på venterommets yttervegg er vurdert som ei tryggare og betre plassering for reisande enn at den vert montert i periferien av ferjekaien/snuplassen der det ikkje er tilrettelagt ferdsl for mjuke trafikantar.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Mats Korneliussen

leiar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Geir Sverre Andreassen

Overingeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

AUSTRHEIM KOMMUNE

Sætremarka 2

5943

AUSTRHEIM

Johannes Skartveit Dale



Illustrasjonen syner frå venstre mot høgre; reklame, SKYSS rutetabellar for ferje og buss